

**Kvam herad**  
**KVAM FORMANNSKAP**

**MØTEPROTOKOLL**

|              |            |             |               |              |                      |
|--------------|------------|-------------|---------------|--------------|----------------------|
| <b>Dato:</b> | 27.11.2025 | <b>Kl.:</b> | 09:00 - 16:00 | <b>Stad:</b> | HST- salen, rådhuset |
|--------------|------------|-------------|---------------|--------------|----------------------|

|                                          |              |                                  |              |
|------------------------------------------|--------------|----------------------------------|--------------|
| <b>Forfall meldt frå følgjande medl.</b> | <b>Parti</b> | <b>Følgjande varamedl. møtte</b> | <b>Parti</b> |
| Jondahl, Linda Haugland                  | AP           | Øyri, Even                       | AP           |

**Orientering:**

- Velkommen og navneopprop ved ordfører Torgeir Næss.
- Eigarmøte/orientering Hardanger AKS as , ved Øyvind Aksnes, dagleg leiar
- Orientering frå Kyrkjeleg fellesråd v/ kyrkjeverge Olav Skeie Lid

|                      |  |
|----------------------|--|
| <b>Møteleiar:</b>    |  |
| <b>Møtesekretær:</b> |  |

Underskrifter:

|       |       |       |
|-------|-------|-------|
| _____ | _____ | _____ |
| _____ | _____ | _____ |
| _____ | _____ | _____ |

**SAKLISTE:**

|                |                 |                                                      |
|----------------|-----------------|------------------------------------------------------|
| <b>Sak nr.</b> | <b>Arkivsak</b> | <b>Sakstittel</b>                                    |
| 070/25         | 25/4985         | Godkjenning av møteprotokoll, innkalling og sakliste |
| 071/25         | 25/4552         | Utbyggingsbehov Helse og omsorg- heildøgns omsorg    |
| 072/25         | 25/2516         | Kvam herad - Budsjett 2026 og Økonomiplan 2026-2029  |

|        |         |                                                                                                     |
|--------|---------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 073/25 | 25/4837 | Forskrift for egedomsskatt for 2026 for Kvam herad                                                  |
| 074/25 | 25/4838 | Pris og gebyr 2026                                                                                  |
| 075/25 | 25/5026 | Kommunal stønad til turistbåtruta 2026                                                              |
| 076/25 | 25/4900 | Prioritering av spelemidler 2026                                                                    |
| 077/25 | 25/3835 | Søknad om tilskot - sertifisering av Hardanger som berekraftig reisemål                             |
| 078/25 | 25/4902 | Sjølvmondsforebyggandeplan                                                                          |
| 079/25 | 25/3868 | Søknad om permisjon frå politiske verv perioden januar 2026 - t.o.m. mai 2026. Johanne Neteland, SP |

## **070/25: Godkjenning av møteprotokoll, innkalling og sakliste**

### **Framlegg til vedtak:**

1. Protokollen frå førre møte vert godkjent.
2. Innkalling og sakliste til dagens møte vert godkjent.

### **27.11.2025 Kvam formannskap**

#### **Behandling:**

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FSK - 070/25 VEDTAK:**

1. Protokollen frå førre møte vert godkjent.
  2. Innkalling og sakliste til dagens møte vert godkjent.
- 

## **071/25: Utbyggingsbehov Helse og omsorg- heildøgns omsorg**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kvam heradsstyre tek rapporten til vitande, og ber rådmannen utgreia vidare alternativ 1, Mikkjelsflaten i samarbeid med Husbanken.

### **24.11.2025 Kvam eldreråd**

#### **Behandling:**

Framlegg til vedtak:

Røysting: Kvam eldreråd tar saka til vitande

### **KER - 035/25 VEDTAK:**

Kvam eldreråd tok saka til vitande

### **27.11.2025 Kvam formannskap**

#### **Behandling:**

Arbeidet med framtidig struktur skal utsetjast. Saka skal leggjast fram igjen for handsaming ifm Budsjett 2027. Det skal ikkje nyttast administrative ressursar på arbeidet i perioden fram til då.

**Røysting:**

Fellesframlegget frå H, FRP og KRF vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg.  
Fellesframlegget fekk 5 stemmer og vart vedteke.  
Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 4 røyster (AP 2, SV 1 og SP 1) og fall.

#### **FSK - 071/25 VEDTAK:**

Arbeidet med framtidig struktur skal utsetjast i eitt år. Saka skal leggjast fram igjen for handsaming ifm Budsjett 2027. Det skal ikkje nyttast administrative ressursar på arbeidet i perioden fram til då.

---

## **072/25: Kvam herad - Budsjett 2026 og Økonomiplan 2026-2029**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kvam heradsstyre vedtek følgjande rammer for budsjett for 2026 og økonomiplan 2026-2029:

#### **1. Økonomiske rammer**

- a. Budsjettet for 2026 er definert gjennom oppstillingane som nevnt i Forskrift til KommuneLoven § 5-4 til §5-7. Rådmannen får fullmakt i tråd med økonomireglement (HST-103/20).
- b. Avgiftsbudsjett og kommunale gebyr vert vedteke i eiga sak, i samsvar med føresetnader i driftsbudsjettet.
- c. Rådmannen får fullmakt til å fordela lønspott og fellesutgifter på tenesteområda.
- d. Rådmannen får fullmakt til å justera budsjettet som følgje av tekniske endringar som t.d. endringar i KOSTRA-oppsett eller kommunale rekneskapsstandardar.
- e. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om kjøp av bustader og oppgradering av dei på inntil 5 mill.kr. per år. Eventuelle kjøp vert finansiert med lån.
- f. Rådmannen får fullmakt til å auka nivået på kommunen si subsidiering av pasientlista til næringsdrivande legar frå kr 1.000 til kr 1.050.
- g. Rådmannen får fullmakt til å bruka opp til 2 mill.kr per krisehending som strakstiltak i eventuelle krisesituasjonar.
- h. Netto inntekter frå heimfalls- og konsesjonskraft utover opprinneleg budsjett, skal setjast av i eit kraftfond (disposisjonsfond).
- i. Finansielle måltal for økonomiplanperioden vert sett til:
  1. Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter skal vera høgare enn 2,0 % innan utgangen av økonomiplanperioden.
  2. Lånegjeld (utan lån til vidare utlån) i prosent av driftsinntekter skal ligga under 125 % i heile økonomiplanperioden.
  3. Disposisjonsfondet skal vera meir enn 10 % av driftsinntekter ved utgangen av økonomiplanperioden.

Dette erstattar tidlegare vedtekne måltal.

#### **2. Finans- og gjeldsfullmakter**

- a. Rådmannen får fullmakt til å oppretthalda trekkrett i kontosystemet til Kvam herad, i

tråd med reglement for finans- og gjeldsforvaltning (HST-018/21) vedteke 16.02.2021.

Trekkretten skal vera på inntil 40 mill.kr.

b. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om opptak av nye obligasjonslån, sertifikatlån eller andre lån til finansiering av investeringsprosjekt etter kvart som dei vert vedtekne, samt å avtala nærare lånetidspunkt og lånevilkår, og underteikne lånekontraktar.

Lånebehovet for 2026 er budsjettert til 138 mnok. Rådmann får fullmakt til å ta opp inntil 138 mnok med fråtrekk for ubrukte lånemidlar per 01.01.2025.

d. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om refinansiering av eksisterande lån, til å inngå avtale om lånetidspunkt og lånevilkår, samt underteikne lånekontraktar.

e. Det skal betalast 58,7 mill.kr i avdrag i 2026 på ordinære lån og 4,5 mill.kr i Husbanklån. Rådmannen står fritt til å betala budsjetterte avdrag på dei lån rådmannen finn føremålstenleg, uavhengig av opphavleg vedtak.

### **3. Skatt på eige og inntekt**

Skatt på eige og inntekt vil verta utlikna med maksimalsatsane som Stortinget fastset.

### **4. Eigedomsskatt**

Eigedomsskatt vert utskrive i tråd med forskrift.

### **5. Sal av heimfalls- og konsesjonskraft**

Rådmann får fullmakt til å selja heimfallskraft (106,7 GWh/år) og konsesjonskraft (60,9 GWh/år) i spotmarknaden, og til å inngå faste kontraktar i økonomiplanperioden, i tråd med HST-070/20 – Strategi for sal av kraft.

### **6. Møtegodtgjersla og andre politiske godtgjersler**

Møtegodtgjerlse vert utbetalt i tråd med HST-033/23, «Politisk organisering 2023-2027 Kvam herad».

### **7. Busetjing av flyktningar**

Kvam herad skal ta i mot inntil 30 flyktningar.

### **8. Obligatoriske tabellar**

Nedanfor følgjer obligatoriske tabellar, som i samsvar med kommunelova skal rapporterast i budsjett og økonomiplan.

## **24.11.2025 Kvam eldreråd**

### **Behandling:**

Framlegg til vedtak: Kvam eldreråd går inn for at Strandebarm og Ålvik legekantor skal vere som i dag. Det er lang avstand og tillærma ingen bussforbindelsar til Norheimsund og Øystese.

Røysting: Fellesframlegget var samrøystes vedteke

### **KER - 036/25 VEDTAK:**

Kvam eldreråd går inn for at Strandebarm og Ålvik legekantor skal vere som i dag. Det er lang avstand og tillærma ingen bussforbindelsar til Norheimsund og Øystese.

## **25.11.2025 Kvam Ungdomsråd**

## **Behandling:**

### **Fellesframlegg:**

#### **Kjære heradsstyre!**

Me ser at det i økonomiplanframlegget til rådmannen også i år er lagt inn mange kutt som kan gå på bekostning av barn og unge i heradet. Ungdomsrådet vil i sin budsjettuttale peika på nokre punkt som me meiner bør prioriterast, men me kjem også med innsparingsforslag innan området teknisk eining.

#### **Ungdommen er framtida!**

Det er dei unge som skal bu i og utvikla Kvam vidare. Det er difor viktig at dei får ein god og minnerik oppvekst slik at Kvam blir ein plass som ungdomen vil venda tilbake til. Me treng difor gode tenester og fritidstilbod, både kommunale og i regi av frivillige lag og organisasjonar.

#### **Sterke fellesskap**

Gjennom medverknadsarbeid hausten 2024 knytt til Ungdata og vidare arbeid med sterke fellesskap har ungdomar i Kvam drøfta kva som er viktigast at me saman jobbar meir med framover. Psykisk helse, medverknad for barn og unge og skuletrivsel er prioriterte tema. Me meiner at desse heng tett saman. Det barn og unge ønsker seg, er å ha nokon å vera saman med og finna på kjekke ting saman med på skulen og i fritida. Dei ønsker å vera trygge på at ein kan følgja eigne interesser og vera saman med ulike folk utan risiko for å hamna utanfor fellesskapet eller å verta sett ned på. Det er svært viktig med tanke på framtida vår at det vert prioritert midlar til barn og unge i Kvam.

#### **Kvam Kulturskule**

Kvam ungdomsråd ynskjer ikkje at kulturskulen skal bli flytta frå Høgenæsgården til den nye vidaregåande skulen som eit innsparingstiltak ettersom det vil svekka opplæringa i dei ulike faga, og aukar sjansen for at elevar ikkje held fram i faga sine ettersom:

- Lokalet i den nye vidaregåande skulen ikkje er egna til verken administrasjon eller opplæring utan ombygging av rom. Som vil påføre heradet store kostnader i staden for å behalde opplæringa der romma allereie er optimalisert.
- Når det kjem til opplæring innan kultur er det andre ting enn berre rom og arealplass som må tas i betraktning. Romma må være egna til den opplæringa som skal bli gitt, for eksempel med dans og drama er det naudsynt med rom som har spegl slik at framføringa kan koordinerast og hindra skade. Musikk og song må ha rom som har egna akustikk, både for å bevare høyrsel, omsyn til andre, og optimal musikals læringsmiljø. Det tar òg mykje energi og arbeid av dei tilsette i kulturskulen å skulle rigge til klasseromma for undervisninga.
- I dag har kulturskulen ei elevdekning på omlag 33%, me er redde for at om undervisningslokala blir flytta til Kvam vidaregåande vil yngre elevar føle ubehag med å ha undervisninga rundt eldre elevar. Dette kan føre til at elevar sluttar og at inntektene til kulturskulen går ned, som igjen kan føre til dårlegare kulturskuletilbod.
- Opplæringa til elevane i kulturskulen skjer og samstundes som elevane på vidaregåande og elevane i vaksenopplæringa har ordinær undervisning. Rundt 120 elevar har undervisning i kulturskulen i Norheimsund mellom 13.00 og 15.30. Det er ikkje optimalt å få alle desse til å ha undervisning på same plassen som vidaregåande opplæring skjer. Undervisninga i Høgenæsgården varar til rundt 21.00. Sidan me måtte ha tatt omsyn til den vidaregåande opplæringa og starta rundt 2,5 timar seinare, vil det sei at kulturskuleopplæringa ville vore ferdig rundt 23.30

#### **Kvam ungdomsråd sine meiningar om rådmannens framlegg til innsparingstiltak:**

### **Redusere individuelt tilrettelagt opplæring – ITO:**

Kvam ungdomsråd påpeiker at det er viktig at alle elevar får tilgang på den same kunnskapen. Elevar med behov for individuelt tilrettelagt opplæring i enkelt fag skal òg ha rett på dette. Det skal tilretteleggjast for at alle får den same undervisninga på tross av utfordringar og ulikheit. Dersom ein reduserer så mykje som innsparingstiltaka frå rådmannen foreslår vil det føre til at fleire elevar fell utanfor, og fleire elevar vil kjenne på ei mangel på kunnskap. Rådet påpeiker og at det ikkje i alle tilfelle er slik at klasserommet er den optimale læringsstaden for elevar, nokon lærer betre utanfor klasserommet der dei kan vere meir kreative og lære i sitt eige tempo. Elevar som slit i ordinær undervisning kan ofte føle på at dei sit lenge med «handa i været» og ventar på å få hjelp frå læraren, det kan og ofte vere knytt press opp mot å stille spørsmål som andre medelevar reknar som «dumme» difor vel ofte elevar å sitje med spørsmåla for seg sjølv.

Konsekvensen av dette vil vere at mange elevar får dårlegare læringsutbyte av undervisninga, og det vil skape større skilnader mellom elevane.

### **Legge ned utekontor i Strandebarm og Ålvik:**

Kvam ungdomsråd vil påpeike at drifta av utekontora i Strandebarm og Ålvik er svært viktig for å sørgje for at alle innbyggjarane i heradet har enkel tilgang på fastlegeordninga. Utan utekontora vil ein få lange reisevegar og store kostnader knytt til at ein må ta seg fri frå jobb. For elevar vil det og føre til mykje fråvær som igjen fører til at ein ikkje får med seg det ein skal på skulen. For nokon kan dette vere ei hindring som gjere at dei ikkje vel å gå til legen. Kvam Herad bør ha eit fokus på at alle innbyggjarane har god tilgang på helsetenestene våre. Heradet skal ha eit helsetilbod som når ut til alle innbyggjarane, og det skal ha lite å seie kvar ein bur.

### **Kvam ungdomsråd sine meiningar til tidlegare vedtekne innsparingstiltak:**

#### **Utekontakt:**

Eit kutt på 0,7 årsverk vil redusere utekontakten til ei 80 % stilling og gjere det umogeleg å oppretthalda eit forsvarleg tilbod for ungdom i Kvam. Oppsøkande arbeid ute, på skular og på arrangement blir kraftig svekka, og dei mest sårbare ungdommane – som ikkje sjølv oppsøker hjelp – risikerer å falle mellom stolane. Individoppfølging, krisehandtering, samarbeid med politi, skule, barnevern og helsetenester, samt forsvarleg drift av Ungdomsbasen, vil ikkje lenger vere mogleg med berre éin person. Dette er i direkte motstrid til kommunen sine eigne formuleringar i gjeldande økonomiplan, der det står at forsvarleg drift krev minst to tilsette. I tillegg varslar heradet no generelle kutt i førebyggjande arbeid med barn og unge på 600 000 kroner årleg, noko som ytterlegare svekkjer ungdomsarbeidet i kommunen.

Samtidig satsar staten tydeleg på å styrkje det oppsøkande feltet: KORUS og Helsedirektoratet har frå 2024 etablert ei nasjonal satsing for å byggje opp kompetanse og kapasitet i oppsøkande arbeid. Å byggje ned ein teneste som Kvam har hatt sidan 1992, samstundes som det vert styrkja på nasjonalt nivå, vil framstå som både kortsiktig og lite berekraftig. Utekontakten utfører i praksis mykje arbeid som understøttar kommunen sine lovpålagde ansvar, som tidleg identifisering av ungdom i risiko, deltaking i tverrfaglege vurderingar, arbeid knytt til psykisk helse, rus, kriminalitet og akutte hendingar.

Dersom tenesta blir redusert til eit minimum, mister kommunen både kompetanse, kontinuitet og relasjonar som tek mange år å byggje opp, og som er heilt avgjerande for at

ungdom får hjelp tidleg nok.

Kutta vil også ramme tilliten som ungdom har til kommunen. I ei lokal Facebook-gruppe delte nyleg ein ungdom anonymt kor viktig utekontakten har vore for han, og innlegget fekk stor støtte i form av mange likarklikk og positive kommentarar. Dette viser at utekontakten betyr mykje for dei ungdommane som treng vaksne å stole på – ofte dei same som aldri ville oppsøkt hjelp på eigen hand.

Med berre éi utekontaktstilling forsvinn tryggleik, relasjonar og tilgjengelegheit, og eit av kommunen sine mest kostnadseffektive og førebyggjande tiltak blir kraftig svekka. Kvam ungdomsråd meiner difor at utekontakten må styrkjast, ikkje byggjast ned, dersom Kvam skal vere ein trygg og inkluderande plass å vekse opp og flytte tilbake til.

Kvam ungdomsråd meiner at det er svært viktig å prioritere førebyggjande arbeid og ikkje byggje det ned. Me viser blant anna til:

- Kvam herad – Plan for førebygging av sjølv mord og sjølvskading (2025): - Psykiske helseplager fører til redusert livskvalitet, høgt sjukefråvær, stort press på tenestene og høge kostnader for samfunnet. - For å oppnå god psykisk helse... må i større grad fremjande og førebyggjande tiltak og arbeid ha fokus.
- FHI – Folkehelse rapporten (FHI) kapittel psykisk helse blant barn og unge: Tidleg innsats og førebygging reduserer framtidige kostnader i helse- og sosialtenester.
- Helsedirektoratet – Psykisk helse i kommunen: Tidleg innsats er kostnadseffektivt og reduserer behovet for spesialisthelsetenester.
- NOVA/OsloMet – Nova rapporter om ungdoms psykiske helse (Bakken, 2023): Kommunar som kuttar førebygging får større behov for hjelpetenester på sikt.
- SSB – SSB rapport 2020: Tidleg innsats og samfunnsøkonomisk gevinst: Tidleg innsats er samfunnsøkonomisk lønnsamt og reduserer kostnader knytt til fråfall, NAV og helse.
- KS – Økonomisk argumentasjon for førebygging: Tidleg innsats er blant dei mest lønnsame velferdsinvesteringane; manglande førebygging fører til høgare kostnader i helse og barnevern. (0,5–1 mill.)

Konsekvensar: Innsparingstiltaket om reduksjon i utekontakten er i strid med måla om å betre psykisk helse i heradet. Forsking viser at kutt i tidleg innsats vil på sikt føre til høgare kostnader, og vil totalt sett vere eit dårleg samfunnsøkonomisk grep.

### **Miljøretteiarane:**

Kvam ungdomsråd påpeikar at miljøretteiarane er ein av dei viktigaste ressursane me har for å skape eit trygt og inkluderande skulemiljø der alle elevar kan lære. Heradsstyret har tidlegare gjort vedtak om å redusere desse stillingane med 4 årsverk, slik at ein sit att med berre 1,6 årsverk.

Når heradet samstundes foreslår store kutt i individuelt tilrettelagd opplæring (ITO), støtteapparat og førebyggjande arbeid generelt, vil eit kutt i miljøretteiarane ramme dei mest sårbare elevane aller først. Desse elevane treng vaksne som kan følgje dei tett, hjelpe dei å meistre skulekvardagen, handtere uro, konflikhtar og psykososiale utfordringar – og sikre at dei faktisk kjem seg gjennom skulen. Når miljøretteiarane blir færre, blir lærarane

stående åleine med fleire krevjande situasjonar, noko som svekkjer både læringsmiljø, tryggleik og det faglege utbyttet for heile klassen.

Miljørettleiarane har ein nøkkelrolle i det førebyggjande arbeidet på skulane våre. Dei fangar opp elevar tidleg, byggjer relasjonar, følgjer opp dei som slit med psykisk helse, mobbing, uro eller heimeforhold – og dei samarbeider tett med skuleleiing, PPT, barnevern, helsesjukepleiar og føresette. Dersom desse stillingane blir kutta, blir det mindre tid til relasjonsbygging, færre vaksne i gangane og på uteområda, lengre ventetid på hjelp og større risiko for at barn fell ut av både læringsmiljø og sosialt fellesskap. I ei tid der kommunen allereie reduserer førebyggjande arbeid for barn og unge med 600 000 kroner kvart år, vil eit kutt i miljørettleiarane svekkje tryggleiken til elevar i alle delar av Kvam. Ungdomsrådet ber difor sterkt om at stillingane blir verna – for å sikre at elevane sine grunnleggjande behov for tryggleik, støtte og tilgjengelege vaksne faktisk blir tekne på alvor.

#### **Innsparingsforslag frå ungdomsrådet:**

Kvam Ungdomsråd meiner at heradet bør vurdere ytterlegare innsparingstiltak innan teknisk eining, med tanke på tal årsverk. Rådet har stor tru på effektiviseringstiltak og at dei tilsette i dei kommunale bygga kan gjennomføre meir vedlikehaldsarbeid, til dømes å skifte lyspærer sjølv. Det må og bevisstgjerast meir om hærverk i skulane, og her må elevane sjølve ta meir ansvar.

Grunngjeving: Ungdomsrådet ser at det er stort rom for innsparingar innan teknisk, og forslår at midlar skal flyttast frå teknisk til oppvekst slik at ein har råd til å finansiere blant anna utekontakt og miljørettleiar.

Helsing Kvam ungdomsråd

#### **Røysting:**

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke

#### **URÅD - 030/25 VEDTAK:**

##### **Kjære heradsstyre!**

Me ser at det i økonomiplanframlegget til rådmannen også i år er lagt inn mange kutt som kan gå på bekostning av barn og unge i heradet. Ungdomsrådet vil i sin budsjettuttale peika på nokre punkt som me meiner bør prioriterast, men me kjem også med innsparingsforslag innan området teknisk eining.

##### **Ungdommen er framtida!**

Det er dei unge som skal bu i og utvikla Kvam vidare. Det er difor viktig at dei får ein god og minnerik oppvekst slik at Kvam blir ein plass som ungdomen vil venda tilbake til. Me treng difor gode tenester og fritidstilbod, både kommunale og i regi av frivillige lag og organisasjonar.

##### **Sterke fellesskap**

Gjennom medverknadsarbeid hausten 2024 knytt til Ungdata og vidare arbeid med sterke fellesskap har ungdomar i Kvam drøfta kva som er viktigast at me saman jobbar meir med framover. Psykisk helse, medverknad for barn og unge og skuletrivsel er prioriterte tema. Me meiner at desse heng tett saman. Det barn og unge ønsker seg, er å ha nokon å vera saman med og finna på kjekke ting saman med på skulen og i fritida. Dei ønsker å vera trygge på at ein kan følgja egne interesser og vera saman med ulike folk utan risiko for å hamna utanfor fellesskapet eller å verta sett ned på. Det er svært viktig med tanke på

framtida vår at det vert prioritert midlar til barn og unge i Kvam.

### **Kvam Kulturskule**

Kvam ungdomsråd ynskjer ikkje at kulturskulen skal bli flytta frå Høgenæsgården til den nye vidaregåande skulen som eit innsparingstiltak ettersom det vil svekka opplæringa i dei ulike faga, og aukar sjansen for at elevar ikkje held fram i faga sine ettersom:

- Lokalet i den nye vidaregåande skulen ikkje er egna til verken administrasjon eller opplæring utan ombygging av rom. Som vil påføre heradet store kostnader i staden for å behalde opplæringa der romma allereie er optimalisert.
- Når det kjem til opplæring innan kultur er det andre ting enn berre rom og arealplass som må tas i betraktning. Romma må være egna til den opplæringa som skal bli gitt, for eksempel med dans og drama er det naudsynt med rom som har spegl slik at framføringa kan koordinerast og hindra skade. Musikk og song må ha rom som har egna akustikk, både for å bevare høyrsel, omsyn til andre, og optimal musikals læringsmiljø. Det tar òg mykje energi og arbeid av dei tilsette i kulturskulen å skulle rigge til klasseromma for undervisninga.
- I dag har kulturskulen ei elevdekning på omlag 33%, me er redde for at om undervisningslokala blir flytta til Kvam vidaregåande vil yngre elevar føle ubehag med å ha undervisninga rundt eldre elevar. Dette kan føre til at elevar sluttar og at inntektene til kulturskulen går ned, som igjen kan føre til dårlegare kulturskuletilbod.
- Opplæringa til elevane i kulturskulen skjer og samstundes som elevane på vidaregåande og elevane i vaksenopplæringa har ordinær undervisning. Rundt 120 elevar har undervisning i kulturskulen i Norheimsund mellom 13.00 og 15.30. Det er ikkje optimalt å få alle desse til å ha undervisning på same plassen som vidaregåande opplæring skjer. Undervisninga i Høgenæsgården varar til rundt 21.00. Sidan me måtte ha tatt omsyn til den vidaregåande opplæringa og starta rundt 2,5 timar seinare, vil det sei at kulturskuleopplæringa ville vore ferdig rundt 23.30

### **Kvam ungdomsråd sine meiningar om rådmannens framlegg til innsparingstiltak:**

#### **Redusere individuelt tilrettelagt opplæring – ITO:**

Kvam ungdomsråd påpeiker at det er viktig at alle elevar får tilgang på den same kunnskapen. Elevar med behov for individuelt tilrettelagt opplæring i enkelt fag skal òg ha rett på dette. Det skal tilretteleggjast for at alle får den same undervisninga på tross av utfordringar og ulikheitar. Dersom ein reduserer så mykje som innsparingstiltaka frå rådmannen foreslår vil det føre til at fleire elevar fell utanfor, og fleire elevar vil kjenne på ei mangel på kunnskap. Rådet påpeiker og at det ikkje i alle tilfelle er slik at klasserommet er den optimale læringsstaden for elevar, nokon lærer betre utanfor klasserommet der dei kan vere meir kreative og lære i sitt eige tempo. Elevar som slit i ordinær undervisning kan ofte føle på at dei sit lenge med «handa i været» og ventar på å få hjelp frå læraren, det kan og ofte vere knytt press opp mot å stille spørsmål som andre medelevar reknar som «dumme» difor vel ofte elevar å sitje med spørsmåla for seg sjølv. Konsekvensen av dette vil vere at mange elevar får dårlegare læringsutbyte av undervisninga, og det vil skape større skilnader mellom elevane.

#### **Legge ned utekontor i Strandebarm og Ålvik:**

Kvam ungdomsråd vil påpeike at drifta av utekontora i Strandebarm og Ålvik er svært viktig for å sørge for at alle innbyggjarane i heradet har enkel tilgang på fastlegeordninga. Utan utekontora vil ein få lange reisevegar og store kostnader knytt til at ein må ta seg fri frå jobb. For elevar vil det og føre til mykje fråvær som igjen fører til at ein ikkje får med

seg det ein skal på skulen. For nokon kan dette vere ei hindring som gjere at dei ikkje vel å gå til legen. Kvam Herad bør ha eit fokus på at alle innbyggjarane har god tilgang på helsetenestene våre. Heradet skal ha eit helsetilbod som når ut til alle innbyggjarane, og det skal ha lite å seie kvar ein bur.

### **Kvam ungdomsråd sine meiningar til tidlegare vedtekne innsparingstiltak:**

#### **Utekontakt:**

Eit kutt på 0,7 årsverk vil redusere utekontakten til ei 80 % stilling og gjere det umogeleg å oppretthalda eit forsvarleg tilbod for ungdom i Kvam. Oppsøkande arbeid ute, på skular og på arrangement blir kraftig svekka, og dei mest sårbare ungdommane – som ikkje sjølv oppsøker hjelp – risikerer å falle mellom stolane. Individoppfølging, krisehandtering, samarbeid med politi, skule, barnevern og helsetenester, samt forsvarleg drift av Ungdomsbasen, vil ikkje lenger vere mogleg med berre éin person. Dette er i direkte motstrid til kommunen sine eigne formuleringar i gjeldande økonomiplan, der det står at forsvarleg drift krev minst to tilsette. I tillegg varslar heradet no generelle kutt i førebyggjande arbeid med barn og unge på 600 000 kroner årleg, noko som ytterlegare svekkjer ungdomsarbeidet i kommunen.

Samtidig satsar staten tydeleg på å styrkje det oppsøkande feltet: KORUS og Helsedirektoratet har frå 2024 etablert ei nasjonal satsing for å byggje opp kompetanse og kapasitet i oppsøkande arbeid. Å byggje ned ein teneste som Kvam har hatt sidan 1992, samstundes som det vert styrkja på nasjonalt nivå, vil framstå som både kortsiktig og lite berekraftig. Utekontakten utfører i praksis mykje arbeid som understøttar kommunen sine lovpålagde ansvar, som tidleg identifisering av ungdom i risiko, deltaking i tverrfaglege vurderingar, arbeid knytt til psykisk helse, rus, kriminalitet og akutte hendingar.

Dersom tenesta blir redusert til eit minimum, mister kommunen både kompetanse, kontinuitet og relasjonar som tek mange år å byggje opp, og som er heilt avgjerande for at ungdom får hjelp tidleg nok.

Kutta vil også ramme tilliten som ungdom har til kommunen. I ei lokal Facebook-gruppe delte nyleg ein ungdom anonymt kor viktig utekontakten har vore for han, og innlegget fekk stor støtte i form av mange likarklikk og positive kommentarar. Dette viser at utekontakten betyr mykje for dei ungdommane som treng vaksne å stole på – ofte dei same som aldri ville oppsøkt hjelp på eigen hand.

Med berre éi utekontaktstilling forsvinn tryggleik, relasjonar og tilgjengelegheit, og eit av kommunen sine mest kostnadseffektive og førebyggjande tiltak blir kraftig svekka. Kvam ungdomsråd meiner difor at utekontakten må styrkjast, ikkje byggjast ned, dersom Kvam skal vere ein trygg og inkluderande plass å vekse opp og flytte tilbake til.

Kvam ungdomsråd meiner at det er svært viktig å prioritere førebyggjande arbeid og ikkje byggje det ned. Me viser blant anna til:

- Kvam herad – Plan for førebygging av sjølv-mord og sjølvskading (2025): - Psykiske helseplager fører til redusert livskvalitet, høgt sjukefråvær, stort press på tenestene og høge kostnader for samfunnet. - For å oppnå god psykisk helse... må i større grad fremjande og førebyggjande tiltak og arbeid ha fokus.

- FHI – Folkehelserapporten (FHI) kapittel psykisk helse blant barn og unge: Tidleg innsats og førebygging reduserer framtidige kostnader i helse- og sosialtenester.
- Helsedirektoratet – Psykisk helse i kommunen: Tidleg innsats er kostnadseffektivt og reduserer behovet for spesialisthelsetenester.
- NOVA/OsloMet – Nova rapporter om ungdoms psykiske helse (Bakken, 2023): Kommunar som kuttar førebygging får større behov for hjelpetenester på sikt.
- SSB – SSB rapport 2020: Tidleg innsats og samfunnsøkonomisk gevinst: Tidleg innsats er samfunnsøkonomisk lønnsamt og reduserer kostnader knytt til fråfall, NAV og helse.
- KS – Økonomisk argumentasjon for førebygging: Tidleg innsats er blant dei mest lønnsame velferdsinvesteringane; manglande førebygging fører til høgare kostnader i helse og barnevern. (0,5–1 mill.)

Konsekvensar: Innsparingstiltaket om reduksjon i utekontakten er i strid med måla om å betre psykisk helse i heradet. Forsking viser at kutt i tidleg innsats vil på sikt føre til høgare kostnader, og vil totalt sett vere eit dårleg samfunnsøkonomisk grep.

### **Miljørettleiarane:**

Kvam ungdomsråd påpeikar at miljørettleiarane er ein av dei viktigaste ressursane me har for å skape eit trygt og inkluderande skulemiljø der alle elevar kan lære. Heradsstyret har tidlegare gjort vedtak om å redusere desse stillingane med 4 årsverk, slik at ein sit att med berre 1,6 årsverk.

Når heradet samstundes foreslår store kutt i individuelt tilrettelagd opplæring (ITO), støtteapparat og førebyggjande arbeid generelt, vil eit kutt i miljørettleiarane ramme dei mest sårbare elevane aller først. Desse elevane treng vaksne som kan følgje dei tett, hjelpe dei å meistre skulekvardagen, handtere uro, konflikhtar og psykososiale utfordringar – og sikre at dei faktisk kjem seg gjennom skulen. Når miljørettleiarane blir færre, blir lærarane ståande åleine med fleire krevjande situasjonar, noko som svekkjer både læringsmiljø, tryggleik og det faglege utbyttet for heile klassen.

Miljørettleiarane har ein nøkkelrolle i det førebyggjande arbeidet på skulane våre. Dei fangar opp elevar tidleg, byggjer relasjonar, følgjer opp dei som slit med psykisk helse, mobbing, uro eller heimeforhold – og dei samarbeider tett med skuleleiing, PPT, barnevern, helsesjukepleiar og føresette. Dersom desse stillingane blir kutta, blir det mindre tid til relasjonsbygging, færre vaksne i gangane og på uteområda, lengre ventetid på hjelp og større risiko for at barn fell ut av både læringsmiljø og sosialt fellesskap. I ei tid der kommunen allereie reduserer førebyggjande arbeid for barn og unge med 600 000 kroner kvart år, vil eit kutt i miljørettleiarane svekkje tryggleiken til elevar i alle delar av Kvam. Ungdomsrådet ber difor sterkt om at stillingane blir verna – for å sikre at elevane sine grunnleggjande behov for tryggleik, støtte og tilgjengelege vaksne faktisk blir tekne på alvor.

### **Innsparingsforslag frå ungdomsrådet:**

Kvam Ungdomsråd meiner at heradet bør vurdere ytterlegare innsparingstiltak innan teknisk eining, med tanke på tal årsverk. Rådet har stor tru på effektiviseringstiltak og at

dei tilsette i dei kommunale bygga kan gjennomføre meir vedlikehaldsarbeid, til dømes å skifte lyspærer sjølv. Det må og bevisstgjerast meir om hærverk i skulane, og her må elevane sjølve ta meir ansvar.

Grunngjeving: Ungdomsrådet ser at det er stort rom for innsparingar innan teknisk, og forslår at midlar skal flyttast frå teknisk til oppvekst slik at ein har råd til å finansiere blant anna utekontakt og miljørettleiar.

Helsing Kvam ungdomsråd

## **27.11.2025 Kvam formannskap**

### **Behandling:**

**Fellesframlegg frå AP,FRP, og KRF lagt fram av Frode Nygård, FRP:** Som rådmannens framlegg til budsjett, med fylgjande tillegg/endingar:

#### **DRIFT**

- 1) Behalda legekantor i Strandebarm. 700.000 kr kvart år 2026-2029. Totalt 2,8 millionar kr i meirforbruk i økonomiplanperioden.
- 2) Behalda botnfrådrag i eigedomsskatten på 200.000 kr i 2028 og 2029. Årsverknad 4 mill. Totalt i perioden 8 mill.
- 3) Redusera varaordførar si stilling med 3,5% kvart år 2026-2029. Årsverknad 40.000 kr. Totalt 160.000 kr i mindreforbruk økonomiplanperioden
- 4) Meirinnsparring medlemskap i organisasjonar. Inneber oppseiing av alle på «raud liste». I tillegg oppseiing av medlemskap i Bergensalliansen. Årsverknad 83.000 kr. Totalt 332.000 kr i mindreforbruk økonomiplanperioden

#### **INVESTERINGAR**

Det vert løyvd to millionar kroner til Norheimsund fotballklubb til fullfinansiering av Haugamyr-prosjektet. Finansiering: Disposisjonsfond.

#### **Verbalpunkt:**

Bassenget i Ålvik vert vidareført med likt tilskot i 2026 som i 2025. Heradsstyret meiner det skal drivast til det oppstår behov for større reparasjon.

| DRIFTSREKNESKAP                                                             | 2026                 | 2027                 | 2028                 | 2029                 |
|-----------------------------------------------------------------------------|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|
| Sum driftsinntekter (rådmannen sitt framlegg)                               | - 1 209 053 000      | - 1 202 762 000      | - 1 216 442 000      | - 1 216 936 000      |
| Sum driftsutgifter (rådmannen sitt framlegg)                                | 1 205 812 000        | 1 186 848 000        | 1 168 864 000        | 1 155 220 000        |
| Netto finansutgifter (rådmannen sitt framlegg)                              | 89 410 000           | 87 910 000           | 94 410 000           | 95 410 000           |
| Motpost avskrivningar (rådmannen sitt framlegg)                             | - 76 964 000         | - 76 964 000         | - 76 964 000         | - 76 964 000         |
| <b>NETTO DRIFTSRESULTAT (rådmannen sitt framlegg)</b>                       | <b>9 205 000</b>     | <b>4 968 000</b>     | <b>30 132 000</b>    | <b>43 270 000</b>    |
| ENDRINGSFRAMLEGG - DRIFT                                                    | 577 000              | 577 000              | 4 577 000            | 4 577 000            |
| ENDRINGSFRAMLEGG - INVESTERING (akk. årleg endring renter og avdrag)        | 164 000              | 164 000              | 164 000              | 164 000              |
| <b>JUSTERT Netto driftsresultat etter endringer</b>                         | <b>9 946 000</b>     | <b>4 227 000</b>     | <b>25 391 000</b>    | <b>38 529 000</b>    |
| <i>NØKKELTAL Netto driftsresultat i prosent av netto driftsinntekter</i>    | <i>-0,8 %</i>        | <i>0,4 %</i>         | <i>2,1 %</i>         | <i>3,2 %</i>         |
| DISPONERING AV NETTO DRIFTSRESULTAT                                         | 2026                 | 2027                 | 2028                 | 2029                 |
| Disposisjonsfond ved årsslutt (rådmannen sitt framlegg)                     | 116 600 000          | 115 300 000          | 138 700 000          | 169 300 000          |
| ENDRINGSFRAMLEGG - BRUK AV DISPOSISJONSFOND (frå linje 8 og 9)              | - 741 000            | - 741 000            | - 4 741 000          | - 4 741 000          |
| <b>JUSTERT Disposisjonsfond</b>                                             | <b>115 861 026</b>   | <b>114 561 027</b>   | <b>133 961 028</b>   | <b>164 561 029</b>   |
| <i>NØKKELTAL Disposisjonsfond i prosent av netto driftsinntekter</i>        | <i>9,6 %</i>         | <i>9,5 %</i>         | <i>11,0 %</i>        | <i>13,5 %</i>        |
| INVESTERINGSREKNESKAPEN                                                     | 2026                 | 2027                 | 2028                 | 2029                 |
| Investeringar i varige driftsmidlar (rådmannen sitt framlegg eks. mva.)     | 138 194 400          | 100 810 400          | 17 956 000           | 16 990 400           |
| ENDRINGSFRAMLEGG Investering i varige driftsmidlar                          | 2 000 000            | -                    | -                    | -                    |
| <b>JUSTERT Investeringar i varige driftsmidlar (etter endringsframlegg)</b> | <b>140 194 400</b>   | <b>100 810 400</b>   | <b>17 956 000</b>    | <b>16 990 400</b>    |
| LANGSIKTIG LÅNEGJELD                                                        | 2026                 | 2027                 | 2028                 | 2029                 |
| Sum langsiktig lånegjeld ex. startlån (rådmannen sitt framlegg)             | 1 466 000 000        | 1 510 000 000        | 1 480 000 000        | 1 449 000 000        |
| ENDRINGSFRAMLEGG Investering i varige driftsmidlar                          | 2 000 000            | -                    | -                    | -                    |
| <b>JUSTERT Lånegjeld ex. startlån</b>                                       | <b>1 468 000 000</b> | <b>1 512 000 000</b> | <b>1 482 000 000</b> | <b>1 451 000 000</b> |
| <i>NØKKELTAL Lånegjeld ex. startlån i prosent av driftsinntekter</i>        | <i>121 %</i>         | <i>126 %</i>         | <i>122 %</i>         | <i>119 %</i>         |

\*) Alle felt i tabellen på denne sida vert oppdatert automatisk basert på det som vert lagt inn som endringsframlegg

| Budsjett og økonomiplan 2026-29                                   |                                                                     | Framlegg til endringar DRIFT |                  |                    |                    |                     |
|-------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------|------------------------------|------------------|--------------------|--------------------|---------------------|
| Forslagstillar(ar)                                                |                                                                     |                              |                  |                    |                    |                     |
| Nr.                                                               | ENDRINGSFORSLAG DRIFT (tal i kr)                                    | 2026                         | 2027             | 2028               | 2029               | SUM                 |
| a                                                                 | Behalda legekontor i Strandebarm                                    | 700 000                      | 700 000          | 700 000            | 700 000            | 2 800 000           |
| b                                                                 | Redusera varaordfører si stilling med 3,5% etter nedl av MPB        | - 40 000                     | - 40 000         | - 40 000           | - 40 000           | 160 000             |
| c                                                                 | Meirinnsparing medlemskap i organisasjonar                          |                              |                  |                    |                    | -                   |
| d                                                                 | (Oppseiing av alle på "raud liste" + oppseiing mdl Bergensalliansen | - 83 000                     | - 83 000         | - 83 000           | - 83 000           | 332 000             |
| e                                                                 | Behalda botnfrådrag i eigedomsskatt på 200' i 28 og 29              |                              |                  | 4 000 000          | 4 000 000          | 8 000 000           |
| f                                                                 |                                                                     |                              |                  |                    |                    | -                   |
| g                                                                 |                                                                     |                              |                  |                    |                    | -                   |
| h                                                                 |                                                                     |                              |                  |                    |                    | -                   |
| i                                                                 |                                                                     |                              |                  |                    |                    | -                   |
| j                                                                 |                                                                     |                              |                  |                    |                    | -                   |
| k                                                                 |                                                                     |                              |                  |                    |                    | -                   |
| l                                                                 |                                                                     |                              |                  |                    |                    | -                   |
| m                                                                 |                                                                     |                              |                  |                    |                    | -                   |
| n                                                                 |                                                                     |                              |                  |                    |                    | -                   |
| o                                                                 |                                                                     |                              |                  |                    |                    | -                   |
| p                                                                 |                                                                     |                              |                  |                    |                    | -                   |
| q                                                                 |                                                                     |                              |                  |                    |                    | -                   |
| r                                                                 |                                                                     |                              |                  |                    |                    | -                   |
| s                                                                 |                                                                     |                              |                  |                    |                    | -                   |
| t                                                                 |                                                                     |                              |                  |                    |                    | -                   |
| <b>SUM ENDRINGSFORSLAG DRIFT (overført til framsida)</b>          |                                                                     | <b>577 000</b>               | <b>577 000</b>   | <b>4 577 000</b>   | <b>4 577 000</b>   | <b>10 308 000</b>   |
| <b>Endring i bruk av disposisjonsfond (overført til framsida)</b> |                                                                     | <b>- 577 000</b>             | <b>- 577 000</b> | <b>- 4 577 000</b> | <b>- 4 577 000</b> | <b>- 10 308 000</b> |

| Budsjett og økonomiplan 2026-29                                            |                                                   | Framlegg til endringar INVESTERING |         |         |         |           |
|----------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------|------------------------------------|---------|---------|---------|-----------|
| Forslagsstillar(ar)                                                        |                                                   |                                    |         |         |         |           |
| Nr.                                                                        | ENDRINGSFRAMLEGG INVESTERING (tal i Kr, eks.mva.) | 2026                               | 2027    | 2028    | 2029    | SUM       |
